

OFFENTLEG MØTEBOK

Organ	Trafikktryggingutvalet
Møtestad	Thon Hotel Jølster
Møtedato	10.09.2015
Kl.	10:00 – 15:00

Faste medlemer til stades:

Liv Bessie Stave
Björg Bergheim
Norunn Lunde Furnes

Forfall til møtet:

Nils P. Støyva
Alfred Bjørlo

Varamedlemer til stades:

Ingen

Til stades med møte- og talerett:

Ole Hæreid, Sogn og Fjordane fylkeskommune
Anne Margrethe Bøe, Statens vegvesen
Margot Åsebø, Statens vegvesen
Trond Hatlenes, Politiet

Sekretariat for møtet:

Statens vegvesen, vegavdeling Sogn og Fjordane
Finn Sundby

Det var ingen merknader til innkalling og sakliste.

Møtebok frå 09.04.2015 og 10.-11.06.2015 vart godkjend utan merknader.

Diverse orienteringar:

- Intensjonsavtalen mellom Trygg Trafikk og Eid kommune om «Trafikksikker kommune» vart lagt fram. Sekretariatet skal ta opp med Trygg Trafikk om å rette opp framsida på avtalen.
- Anne Margrethe Bøe orienterte om organisering av kampanjar i Statens vegvesen. På regionalt nivå satsar ein på å følgje opp dei nasjonale kampanjane. I år er det desse tre:
 - Fartskampanje. Spesielt tema foreldre førebilete for unge.
 - Bilbelte. Spesielt fokus på bilbelte i buss.
 - Del vegen-kampanjen.
- Trond Hatlenes orienterte om politiet sine kontrollar på vegen. UP gjer ein stor innsats i fylket. Det er stor forskjell på kor mykje innsats det lokale politiet set inn på kontrollar. Han ønskte at FTU kunne arbeide for at det vert kontrollar i alle kommunar.

SAK 9/15 Skriv og meldingar FTU 10. september 2015

FTU gikk gjennom protokollen frå Trygg Trafikk sitt landsmøte.

Det vart ikkje gjort vedtak i saka.

SAK 10/15 Trafikktryggingsprisen 2015
Ikkje offentleg, OfI §26.2 ledd, kandidat til utmerking

SAK 11/15 Vurdering av trafikktryggingsutvalet - fråsegn frå FTU

Frå sekretariatet låg det ikkje føre tilråding til vedtak:

Fylkestrafikktryggingsutvalet gjev følgjande uttale:

Endringsframlegg:

*

Avrøysting:

*

Dette gir følgjande VEDTAK:

Fylkestrafikktryggingsutvalet gjev følgjande uttale:

«Utvalet ser at fokus som FTU har retta mot trafikksikring vil bli vesentleg redusert dersom FTU vert lagt ned. FTU er ein tverrfagleg møteplass der dei konsultative medlemene kjem med innspel i trafikksikringsarbeidet. Vi viser spesielt til sak om kven som har rett til førarkoret, der FTU har gjort eit viktig arbeid. FTU følgjer også kvart år opp Fylkeskommunal handlingsplan for trafikktrygging der alle etatar og organisasjonar må gjere greie for om dei fyl opp sitt ansvar i planen».
